



Fylkesmannen i Vestland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2670 - 19/18450

Saksbehandlar:

Silje Haukedal

silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:

18.12.2019

Orientering om nytt vedtak - til klagevurdering - gbnr 68/11

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF føremål og byggeforbodet i strandsona og løyve til etablering av kai, platting og mindre tiltak på eksisterande fritidsbustad.

Det vart gjeve løyve til tiltak og dispensasjon i vedtak datert 30.10.2019, sak 058/2019.

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert den 02.12.2019.

Klagen vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 11.12.2019, der Radøy kommune sitt vedtak datert 30.10.2019 vart gjort om og klagen tatt til følgje. Følgjande vedtak vart fatta:

Klaga vert teke til følgje og vedtak i sak 058/2019, datert 30.10.2019, vert gjort om.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. pbl. §§ 1-8 og 11-6 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon til planering.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 20-1, 20-2 og 20-4 vert det godkjent søknad om løyve og dispensasjon til etablering av tilbygg, platting, mindre fasadeendringar, overbygg over inngangsparti og bryggje på følgjande vilkår:

1. Størrelse på bryggje kan vere maks 10 kvm og skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan motteke den 04.12.2019. Det må sendast inn målsatt teikning av bryggja og målsatt situasjonsplan før arbeida kan starta.
2. Det må ligg føre løyve frå Bergen Havn før arbeida kan starte.
3. Etablering av brygge skal gjerast utan terrengingrep i strandsona.
4. Bryggje skal utformast av materialer i tre.
5. Utedo skal rivast før det kan søkjast om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for ny klagevurdering. Saksdokumenta er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit nytt enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til Silje Haukedal på e-post silje.haukedal@radoy.kommune.no eller på telefon 56349082.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Behandling av klage - Fasadeendring, ny brygge, drenering og planering, riving av tilbygg og nytt tilbygg - gbnr 68/11

Byggesak Gbnr 68/11 Askeland - flytebryggje og kai m.m - Klage

Klage - Radøy - 68 11 - fasadeendring og ny brygge med mer - dispensasjon

Byggesak Gbnr 68/11 - Askeland - flytebryggje og kai m.m - Uttale til klage

Uttale klage Fylkesmann

Flytebrygge_compressed

Fastbrygge10m2_compressed

Byggesak Gbnr 68/11 Askeland - flytebryggje og kai m.m

Kopi til:

Øystein Birkeland	Frydenbølien 25	5056	BERGEN
-------------------	-----------------	------	--------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Postboks 7310	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------